



SIM

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

# SIM nytt

1/2025

MARS • ÅRGANG 32



## Tekstilavfall og nye krav

Les meir på side 3.

## Gratis bioposar

Les meir på side 5.

## Har du fått grønt kort?

Me har lagt ut 200 grøne kort på «Mitt SIM». Logg deg inn via heimesida vår sim.as for å sjekke om du er ein av dei heldige vinnarane.

Les meir på side 2.



# Har du fått grønt kort?

Me har delt ut 200 Grøne kort til tilfeldig valgte abonnentar i våre eigarkommunar. Kortet gjev deg ei gratis levering av eit tilhengarlass (2 m<sup>3</sup>) med restavfall på ein valfri miljøsentral. For at du skal kunne sjekke om du har fått Grønt-kort må du skaffe deg brukar og logge deg inn på Mitt SIM.

Vinn du det grønne kortet?  
Logg deg inn på «Mitt SIM» og sjå!

Ikkje hørt om Mitt SIM?

Mitt SIM er ei side der du som abonnent har tilgang til ditt/dine abonnement hjå oss. Her kan du mellom anna få full oversikt over fakturaer, du kan endra abonnement eller melde frå om flytting

## Korleis får eg tilgang?

Du finn innlogging til «Mitt SIM» på [sim.as](http://sim.as). Me gjer merksam på at det er den som står som eigar av abonnementet hjå SIM, som har tilgang til sida. Du loggar enkelt og greitt inn via ID-porten med din føretrekte innloggingsmetode.

## Kvifor?


Kvifor satsar på me ei slik side? Fleire og fleire nyttar mobil, brett eller datamaskin for å finne informasjon, og for å utføre tenester, både frå det offentlege og det private. På «MittSIM» får du all informasjon om dine renovasjonstjenester samla på ein

stad, og du kan lett endre eller bestille tenester sjølv.

## Framleis tilgjengeleg

Er du ein av dei som helst ynskjer å snakke med oss direkte er du sjølv sagt

velkommen til det. Kundemottaket er ope mellom 09.00 og 15.00 kvar vekedag. Eller du kan kontakte oss på telefon 53 45 78 50 mellom kl. 10-14, eller e-post [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as).



Frå juni 2023 har innlogging til tenesta «Mitt SIM» vore tilgjengeleg på vår heimeside [sim.as](http://sim.as), enten som eige ikon i toppen av sida (desktop) og under menyen øverst til høgre.

Tekstilavfall

# Nye krav

## Sortering for hytteabonnentar

Det er no innført krav til sortering også for hytter. I SIM har hytteabonnentar hatt høve til å sortere dersom dei har abonnement som for hus. I 2025 vil me leggja til rette for at våre hyttekundar skal få sortera meir - også ved hyttereturpunktia.

Me utvidar fyrst returpunkt som ligg like utanfor, eller nær, miljøsentral.

Oppdatert informasjon om kva ein kan levere på dei ulike returpunktia finn ein på sim.as eller i Mitt SIM-appen.



## Tekstilavfall

Frå 1.1.2025 var det innført eit krav om at tekstilavfall\* skal sendast til gjenvinning, men for å innfri kravet er me avhengige av ein aktør som kan ta i mot det som vert samla inn. SIM jobbar med og få på plass eit tilbod om levering av tekstilavfall. Hittil har me ikkje lukkast å finne ein aktør som kan ta imot dette og materialgjenvinne det som vert samla inn på ein miljørett og god nok måte. Av den grunn er SIM avventande med å innføre ei eigen

\* **Tekstilavfall:**

Øydelagde, eller tilgrisa tekstilar. Tekstilar som ikkje kan brukast om igjen.

separat ordning for dette, då me meinar det er feil å innføre ei ordning der store deler av dei innsamla tekstilane går til energigjenvinning. Både miljømessig og økonomisk er det ei lite berekraftig løysing.

Øydelagte tekstilar kan framleis kastast i restavfallsdunken. SIM har tilbod om levering av brukte tekstilar til ombruk. Desse kan leverast på alle våre miljøsentralar.

## Utviding

SIM vil etter kvart sjå på alle returpunkt og vurdera om det er mogleg å utvida, slå saman eller på anna måte få opp standarden på sortering. Hytterenovasjon vil for dei fleste framleis vera ei prisgunstig bringeordning.

Likevel ser ein at bruken av hytter i Sunnhordland er aukande. Enkelte hytteeigarar er til tider like mykje på hytta som heime. I takt med denne endringa ynskjer stadig fleire hytteeigarar å kjøpa seg opp til henteordning med full sortering, noko som òg vil vera fullt mogleg i framtida.

Vilkåra for å få dunkordning/henteordning er at ein har hytte nær køyrbar veg (der ruta går og at dunken vert sett ut når det er tömming for fastbuande i det området.

Døme på returpunkt med sortering for hytter. Her frå Heiane miljøsentral.



# Me må snu trenden!

I januar gjennomførte SIM ei plukkanalyse av restavfallsdunkar, hyttekonteinera og konteinerar på miljøsentralane. Ved å undersøke avfallet på denne måten får me ein peikepinn på kvar det fins eit forebetringspotensiale.

Analysen viste at det dessverre er ein god del å hente når det gjeld feilsorteringar, både alvorlege og mindre alvorlege.

– Me ser at det ein god del av det som vert kasta ikkje hører heime i restavfallet. For at me skal nå måla EU og Noreg har sett på materialgjenvinning, må me sjå kva me kan gjere for å få mest mogeleg av det som kan materialgjenvinnast ut av restavfallet. Og til det treng me innbyggjarane si hjelp, påpeikar Plan-innkjøp- og kommunikasjonsansvarleg i SIM, Janne Hillersøy.

## EE-avfall og matavfall i restavfall

Analysen viste både openbare feilsorteringar og avfall som burde vore kasta i andre sorteringsordningar enn restavfallet. Til dømes var det store mengder EE-avfall og matavfall i restavfallet, i tillegg til heile fine tekstilar, og glas og metall. Dette er avfall som ikkje kan sendast til materialgjenvinning når det allereie er hamna i restavfallet. Og SIM oppmodar innbyggjarane om å bry seg litt ekstra, slik at ein får høgast mogeleg grad av rett gjenvinning av det som vert kasta.

## Nedgong i kvalitet

Samanlikna med analysen SIM gjorde i 2018 er det dessverre ein nedgong

i sorteringskvalitet. Når det gjeld bioavfall er det ein stor nedgong.

I 2018 vart det kasta 26 % bioavfall i restavfallsdunken. Analysen frå januar 2025 viste at over 40 % av matavfallet vert kasta i restavfallet. Det vil vil seia at pila peiker feil veg.

I SIM har ein hatt sortering av bioavfall sidan oppstarten av dunkordninga, tidleg på 90-talet. Den trenden ein ser no er nedslåande. Framover må SIM sjå på kva tiltak som kan setjast i verk for å snu den svært negative trenden.

## GjenbrUKA i veke 13

22.3-30.3. 25 arrangerer SIM, i samarbeid med Hordaland Interkommunale Miljøverk – HIM og Karmøy kommune, GjenbrUKA. Ei veke der det vert sett sørkjelys på sirkulære løysingar for eit meir berekraftig samfunn.

Denne veka vil det gå føre seg ulike aktivitetar og arrangement som alle kan delta på. I vårt område har SIM mellom anna inngått eit samarbeid med Sunnhordland museum, med Pop-up stol butikk.

Og me inngått eit samarbeid med Amfi Stord, der me deltek med Pop-up «Godt brukande». Der kan du

kanskje finne små, eller litt større, skattar til ein rimeleg pris.


### Sjekk på nett:

Det er oppretta ei nettside for arrangementet, der ein felles kalender vil vise til alle aktørane som melder seg på. All marknadsføring av innmelde tiltak på «GjenbrUKA» vil sjølv sagt vere gratis for deltakarane. I tillegg vert det gjort framstøyt mot lokalmedia for å skape merksemd rundt arrangementet, og saman med deling i sosiale medium kan dette bidra til fleire frivillige, deltakarar og interesserte.

Gå inn på [gjenbruka.no](http://gjenbruka.no)



og sjå kva som skjer!



## Gratis bioposar

For å vera sikre på at alle våre kundar nyttar rett pose til bioavfallet har SIM innført gratis utdeling av bioposar til eige forbruk. **Betaling skjer gjennom renovasjonsabonnementet.**  
Ordninga gjeld berre for våre abonnentar som har biodunk.

### Ordninga fungerer slik :

- Alle kan hente nye maisposar på rull ved alle SIM sine miljøsentralar. Ein må oppgje adressa abonnementet er registrert på før ein får rullen.
- Alle våre abonnentar som har biodunk kan knyta ein tom maispose **på PAPIRDUNKEN** og få utdelt ein rull med maisposar.
- Det er berre på papirdunken ein får utdelt posar frå SIM, anten det er sekker til plastemballasje eller bioposar.

Det er dermed berre bilen som tömer papirdunken på hentedag for papir, som deler ut maisposar i ditt område.



Biopoane du får utdelt av SIM skal berre nyttast til bioavfall!

Me ser ein tendens til at desse vert nyatta til restavfallsposar. Eit slikt misbruk kan medføre at SIM lyt endre ordninga.



Knyt ein tom maispose på papirdunken.



# Ryddeaksjon i Sunnhordland 2025

Alle som vil rydda i SIM sitt område får utdelt sekker og får levera sekkene kostnadsfritt på ein av våre miljøsentralar. **Kravet er at ein må melde inn ryddeaksjonen på vår nettside.** Etter påmelding får du tilbakemelding om aksjonen er godkjent og du kan hente og levere sekker på ein av våre miljøsentralar.

Logg deg inn på **sim.as**, du finn påmeldingsskjema under Meny -> Ryddeaksjonar.

## Kven kan vera med?

Alle som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

## Kven kan IKKJE vera med?

- Offentlege etatar, medrekna alle kommunale einingar
- Næringsverksemder
- Arrangør av tilstelling

## Døme på område som kan ryddast

- Strender som kommunen/friuftsråd ikkje har ryddeavtale for
- Buområde
- Nærrområde
- Turstigar
- Skogsteigar

## Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall.

*(Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå www.sim.as for informasjon om farleg avfall og EE-avfall.)*

## Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er *vegeigar* som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv *daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon* eller liknande skal setja opp boskorger på sitt område, sørge for



at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørge for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigara/etatar har ansvar for det, skal *kommunen* setja opp boskorger på utfartsstader og andre mykje besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømma dei og sørge for at området er ryddig.

## Usikker?


Dersom du er usikker på om ditt tiltak kjem inn under retningslinene for ryddeaksjonen, ta kontakt med SIM.

## Tips til vindsikring av dunken

Alle våre miljøsentralar har for sal ein slik «lås» for å unngå at loket opnar seg, dersom dunken veltar i vinden.

Pris: 50 kr.





## Strandryddestøtte

Det er også mogeleg å søkje om støtte til ryddinga. SIM har 300 000 kroner til utdeling kvart år. Desse er øyremerka lag og organisasjonar som rydder strender i ein av SIM sin eigarkommunar.

### Krav til den som søker strandryddestøtte:

- Støtta vert gitt til foreiningar og lag som ryddar strandsona i ein av SIM-kommunane.
- Midlane vert delt ut fortløpande og varer til «potten» er tom.
- Det er satt av 300 000,- til formålet og støtta er 100.- pr. full sekk med strandryddeavfall levert til ein av våre miljøsentralar.
- Påmeldte foreiningar/lag har 3 månader frå godkjent ryddedag til ferdig rydding og innsemt dokumentasjon for å få utbetaling.
- SIM har satt ei maksgrense på 15 000,- pr. lag.  
Forsinka eller manglande dokumentasjon gjev ingen støtte.
- Laget/foreininga må ta biletet før rydding og etter rydding.
- Laget/foreininga lyt sjølv forsikre seg om at antal sekker/kg innlevert vert registrert og godkjent ved levering på miljøsentralen.
- Det er laget/foreininga sitt ansvar å sende inn rett dokumentasjon innan fristen. SIM har ikkje kapasitet til å etterlyse manglande dokumentasjon.

## Rydd vinteren vekk

Våren er ryddetid for mange, og miljøsentralane våre er klare til å ta imot ditt avfall! På miljøsentralen kan du levera alt du ikkje har lov til, eller plass til å kaste i dunken heime. Kanskje du har pussa opp i løpet av hausten/vinteren? Då vil nok mykje av det du har til overs vera avfall som ikkje kan kastast i dunken.

Det kan vera EE-avfall, farleg avfall, brennbart og ikkje-brennbart restavfall, tekstilar og klede, gips, alt av metall, papp og papir, trevirke og hageavfall.

Både privatpersonar og verksemder pliktar å levera farlege avfall til godkjent mottak, og i vårt område er dette SIM sine miljøsentralar. Privatpersonar kan levera måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall kostnadsfritt, verksemder betalar etter volum ( $m^3$ ) eller etter vekta på avfallet.

Hugs òg at kasserte elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) også skal leverast til miljøsentralen, eller til stader som sel tilsvarende produkt.



**SENDAR:**  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Meatjønnsvegen 43  
N-5412 Stord

## OFFENTLEG INFORMASJON

# Gratis levering av hageavfall

SIM treng reint treverk og hageavfall til kompostanlegget, slik at me får laga fin og næringsrik jord til sal for våre kundar. Dei siste åra har me merka ein nedgang i levering av dette, og me har difor innført gratis levering av hageavfall på våre miljøsentralar. Bra for deg, bra for miljøet.

Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med etterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga, derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

«Tested and approved!»  
Her frå miljøsentralens eigne plantekasser sommaren 2024.



### Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2025 skal dei møtast fredag 25.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.



Prisen er 450 kroner per tonn.

Kunden må sjølv ha med tilhengjar.

Kjøp av lastebil-lass med kompostjord/plenblanding må gjerast i Svartasmøget, Fitjar.

Levering av hageavfall er kostnadsfritt.  
(Store mengder må leverast direkte til komposteringsanlegget i Fitjar).

## OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeftan, julafan og nyttårsaftan stengt.

### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
kl. 09.00–14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars.:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

### BØMLO, HOLLUNDSDALEN

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00  
Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

### FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00–18.00

### KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og onsdag kl. 11.00–18.00  
Tysdag og torsdag kl. 09.00–16.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00

### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag–torsdag kl. 09.00–18.00  
Fredag kl. 09.00–15.00  
Laurdag kl. 09.00–14.00

### SVEIO, SVEIÅSEN

Tysdag og torsdag kl. 10.00–18.00

### TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00–18.00

Perioden 1. april–30. sept.:  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00–14.00

Perioden 1. okt.–31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00–14.00